

Kapittel 3. Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregående opplæring

I. Generelle føresegner

§ 3-1. Rett til vurdering

Elevar i offentleg grunnskoleopplæring har rett til vurdering etter reglane i dette kapitlet. Retten til vurdering inneber både ein rett til undervegsvurdering og sluttvurdering og ein rett til dokumentasjon av opplæringa.

Det skal vere kjent for eleven kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse. Det skal også være kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og åferd.

Skoleeigar har ansvaret for at eleven sin rett til vurdering blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd.

§ 3-2. Formålet med vurdering

Formålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykkje kompetansen til eleven undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget. Vurderinga skal gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane.

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag.

Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i faget.

Formålet med vurdering i orden og i åferd er å bidra i sosialiseringss prosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og åferd.

Undervegsvurdering og sluttvurdering skal sjåast i samanheng for å betre opplæringa. Kunnskap om elevens utvikling i fag, orden og åferd gjennom undervegsvurdering gir læraren grunnlag for å fastsetje standpunktakrakter i fag, orden og åferd.

§ 3-3. Grunnlaget for vurdering i fag

Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3.

I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytte til ordenen og åferda til eleven trekkjast inn. I grunnskolen skal det i faget kroppsøving i vurderinga leggjast vekt på både oppnådd kompetanse og føresetnadene til eleven.

Læraren skal så langt råd er, skaffe tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere kompetansen til eleven slik at retten eleven blir oppfylt. Det gjeld òg dersom stort fråvær eller andre særlege grunnar gjer vurdering vanskeleg. Eleven skal møte til og delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse i faget. Stort fråvær, manglande deltaking i planlagde vurderingssituasjonar eller andre

særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunktcharakter manglar.

§ 3-4. Karakterar i fag mv.

Frå 8. årstrinn skal vurdering givast med talkarakterar. Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal brukast.

Dei enkelte karaktergradene har dette innhaldet:

- a) karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget
- b) karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- c) karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- d) karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- e) karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- f) karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Det går fram av læreplanverket at det i enkelte fag skal brukast andre uttrykk enn talkarakterar. Dei andre uttrykka er

- a) bestått/ikkje bestått: for å få karakteren bestått skal eleven ha vist tilfredsstillande kompetanse i faget
- b) delteke/ikkje delteke.

§ 3-5. Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Vurderinga av orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

I vurderinga i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtferd.

§ 3-6. Karakterar i orden og i åtferd

Frå 8. årstrinnet og i vidaregåande opplæring skal vurdering i orden og i åtferd givast med karakterar. I orden og i åtferd skal då desse karakterane nyttast:

- a) God (G): vanleg god orden og vanleg god åtferd
- b) Nokså god (Ng): klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd

c) Lite god (Lg): i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd.

§ 3-7. Varsling

Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårvurdering med karakter eller standpunktcharakter i eitt eller fleire fag fordi det ikkje er grunnlag for fastsetjing av karakter.

Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårvurdering med karakter eller i standpunktcharakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd.

Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å skaffe grunnlag for halvårvurdering med karakter og standpunktcharakter, eller gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd.

§ 3-8. Dialog om anna utvikling

Eleven har rett til jamleg dialog med kontaktlæraren om sin utvikling i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket.

§ 3-9. Kontakt med heimen i grunnskolen

Skolen skal halde kontakt med foreldra gjennom opplæringsåret.

Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga. I tillegg skal kontaktlæraren samtale med foreldra om utviklinga til eleven i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket. Samtalen skal klargjere korleis eleven, skolen og foreldra skal samarbeide for å leggje til rette for læringa og utviklinga til eleven. Eleven kan vere med i samtalen med foreldra. Når eleven har fylt 12 år, har han eller ho rett til å vere med i samtalen. Det skal alltid sendast skriftleg melding når foreldra ikkje møter til samtale.

Når skolen eller heimen meiner det er formålstenleg, kan skriftleg melding nyttast i tillegg.

§ 3-10. Privatistar

II. Undervegsvurdering

§ 3-11. Undervegsvurdering

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag.

Undervegsvurderinga skal gis løpende og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg.

Undervegsvurderinga skal innehalde grunngitt informasjon om kompetansen til eleven og skal givast som meldingar med sikte på fagleg utvikling.

Eleven har minst ein gong kvart halvår rett til ein samtale med kontaktlæraren om sin utvikling i forhold til kompetansemåla i faga. Samtalen kan gjennomførast i samband med samtalen med foreldra etter § 3-9.

Læraren skal vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 og § 5-4.

Elevar med individuell opplæringsplan skal både ha undervegsvurdering og rettleiing i samsvar med den opplæringsplanen som er utarbeidd for dei, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. Elevar som er fritekne frå vurdering med karakter etter § 3-20 skal ha undervegsvurdering utan karakter på grunnlag av måla i den individuelle opplæringsplanen så langt planen avvik frå læreplanen for faget.

§ 3-12. *Eigenvurdering*

Eigenvurderinga til eleven er ein del av undervegsvurderinga. Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. opplæringslova § 2-3 og § 3-4.

§ 3-13. *Halvårvurdering i fag for elevar*

Halvårvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal syne kompetansen til eleven i forhold til kompetansemåla i læreplanverket. Ho skal også gi rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Det skal bli gitt halvårvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa.

Frå 8. årstrinnet skal eleven ha halvårvurdering utan karakter og halvårvurdering med karakter. Halvårvurderinga med karakter skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga.

I grunnskolen skal halvårvurderinga gjennomførast midt i opplæringsperioden på 8., 9. og 10. årstrinnet, og ved slutten av opplæringsåret på årstrinnet for fag som ikkje blir avslutta, jf. læreplanverket.

Elevar som er fritekne frå vurdering med karakter etter § 3-20 skal ha halvårvurdering utan karakter. For elevar med fritak frå vurdering med karakter etter § 3-20 skal halvårvurderinga utan karakter givast på grunnlag av måla i den individuelle opplæringsplanen så langt denne avvik frå læreplanen for faget.

Rektor har ansvaret for at faglæraren gjennomfører halvårvurdering med og utan karakter. Dersom rektor er i tvil om reglane for halvårvurdering er følgde, kan rektor be om ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette.

§ 3-14. *Halvårvurdering for lærlingar og lærekandidatar i bedrift*

§ 3-15. *Halvårvurdering i orden og i åtferd for elevar*

Halvårvurdering i orden og i åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårvurdering utan karakter i orden og i åtferd i heile opplæringsløpet.

Frå 8. årstrinnet skal det givast halvårvurdering også med karakter i orden og i åtferd. Halvårvurdering med karakter skal fastsetjast midt i opplæringsperioden på 8., 9. og 10. årstrinnet og ved slutten av opplæringsåret så nær som etter 10. årstrinnet.

Kontaktlæraren skal gi halvårvurdering i orden og i åtferd i samarbeid med dei andre lærarane til eleven.

§ 3-16. Kravet til dokumentering av undervegsvurderinga

Frå 8. årstrinnet skal alle elevar kvart halvår få halvårvurdering med karakter i fag og i orden og i åtferd dokumentert skriftleg. Fråvær skal også dokumenterast kvart halvår.

Det skal kunne dokumenterast at undervegsvurdering er gitt, jf. § 3-11 til § 3-15.

III. Sluttvurdering

§ 3-17. Sluttvurdering i fag

Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket, jf. § 3-3.

Sluttvurderingar i grunnskolen er standpunktakarakterar og eksamenskarakterar.

Sluttvurderingar er enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i kapittel 5.

Eksamens er særskilt regulert i § 3-25 til § 3-37.

Elevar i grunnopplæringa som har individuell opplæringsplan, skal vurderast etter dei samla kompetanse måla i læreplanen for faget, jf. § 3-3. Elevar i grunnskolen kan få fritak frå vurdering med karakter, jf. § 3-20.

§ 3-18. Standpunktakarakterar i fag

Standpunktakarakterar er karakterar som blir gitt ved avslutninga av opplæringa i fag, jf. læreplanverket, og som skal førast på vitnemålet.

Standpunktakarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser kompetansen eleven har i faget, jf. § 3-3. Eleven skal ha høve til å forbetre kompetansen sin i faget inntil standpunktakarakteren er fastsett. Eleven skal bli gjort kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktakarakter.

Standpunktakarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet.

Standpunktakarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før skolen gjennomfører den første lokalt gitte eksamenen på det aktuelle trinnet innanfor utdanningsprogrammet.

Rektor har ansvaret for at faglærar set standpunktakarakter. Dersom rektor er i tvil om reglane for fastsetjing av standpunktakarakter er følgde, kan rektor krevje ei ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og ført.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktakarakter, har rektor ansvaret for at det blir fatta enkeltvedtak om at standpunktakarakter ikkje skal bli gitt. For at det skal kunne gjerast enkeltvedtak om å ikkje gi karakter, skal eleven vere varsle, jf. § 3-7. Når det ikkje kan givast standpunktakarakter i grunnskolen på grunn

av stort fråvær eller andre særlege grunnar, skal det ikkje førast karakter på vitnemålet.

§ 3-19. Standpunktakarakterar i orden og i åtferd

Elevar skal ha standpunktakarakterar i orden og i åtferd etter 10. årstrinnet. I vidaregåande opplæring skal elevar ha standpunktakarakter når dei avsluttar opplæringa i skole, jf. læreplanverket.

Rektor har ansvaret for at standpunktakarakterar i orden og i åtferd blir fastsette etter drøfting i møte der lærarane til eleven er til stades. Endelege karakterar i orden og i åtferd skal fastsetjast etter at opplæringa er avslutta.

IV. Fritak frå vurdering

§ 3-20. Fritak frå vurdering med karakter for elevar med individuell opplæringsplan

Når ein elev i grunnskolen får opplæring etter individuell opplæringsplan, avgjer foreldra om eleven skal ha vurdering med eller utan karakter. I fag der det både gis skriftlege og munnlege karakter, kan foreldra også velje om eleven skal ha berre skriftleg eller munnleg karakter i faget. Dei som vel karakter i norsk skriftleg, kan velje karakter i den eine eller begge målformene. Valretten gjeld berre i fag som er omfatta av enkeltvedtaket om spesialundervisning der eleven får opplæring etter slik plan.

Skoleeigaren skal sørge for at eleven og foreldra i grunnskolen får nødvendig rettleiing om kva val av vurdering utan og med karakter inneber for eleven.